


ÅRSRAPPORT FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL NASJONALPARKSTYRET FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

2012



SNO tilsatte: Rigmor Solem

I tillegg er det kjøpt tenester av: Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Luster kommune, Stiftinga Utladalen Naturhus i Årdal, Utladalen Sameige i Luster, Storådalen Beitelag i Lom, Geirr Vetti i Luster, Stein Windingstad i Øystre Slidre og Lars Østbye Hemsing i Vang

1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn, informasjon mv

Kort orientering i henhold til faktisk aktivitet og bestillingsdialogen (skjema A).

Aktivitet mht rovvilt rapporteres gjennom rovbasen og tas ikke med i rapporten.

Villrein

Kort om aktivitet

Dei seinare åra har SNO hatt eit spesielt fokus på villreinstamma i Vest-Jotunheimen. Dette skuldast ein kraftig nedgang i åra 2006 – 2009. Det har ikkje vore opna for jakt sia denne nedgangen starta. Oppsyn i samband med store arrangement i området rundt Turtagrø og utfarten utpå vårvinteren har vore prioritert.

Utviklingstrekk/utfordringar

Registreringane tyder på ein nedgang i tilveksten samanlikna med fjoråret. Berre om lag 30-40 kalvar vart fødd i år fremst i Feigedalen (80 kalvar i 2011). Ei utfordring for reinen er nok brøytinga av «Tindevegen» tidleg i mai. Meterhøge brøytekantar vert ei fysisk sperre som hindrar reinstrekket til/frå gode vårbeite i Austabotn og Gravdalen. Det er funne 4 daude dyr dette året (1 jervedrept). Brunsten var noko tidlegare i år enn i fjor, i slutten av september/starten av oktober. Totalteljing for 2012 er enno ikkje utført.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Villrein og ferdsel er eit tema som bør følgjast tett opp endå om beitemønstret ser ut til å ha normalisert seg. Spesielt gjeld dette i samband med dei store arrangementa i området Turtagrø/Fanaråken/Hurrungane.

Dagrovfuglar og ugler i Utladalen

Kort om aktivitet

I fjor vart det p.g.a. sjukdom hjå tenesteytar ikkje gjennomført ei særskild registrering av dagrovfuglar og ugler i Utladalen. I år kom dette arbeidet i gang, men litt i seinaste laget da ny tenesteytar vart hyra inn mot slutten av våren. Det er gjennomført 26 dagar i felt frå starten på juni til medio august. Kongeørn, jaktfalk, fjellvåk og tårnfalk vart registrert. Ingen ugler sett eller hørt. Ein viktig del av registreringsarbeidet er å påvise tal hekkande par og kartlegging av reirplassar for dei ulike artane innafor området. Ein eigen rapport er utarbeidd for dette oppdraget.

Utviklingstrekk/utfordringar

Under årets registreringsarbeid vart det observert lite rovfugl og ingen påvist hekking i Utladalen. Dette skuldast nok eit mest totalt fråvær av smågnagarar og spesielt lite rype. Eit botnår i smågnagarbestanden som i år (og dermed også lite rovfugl) er normalt og ein kan forvente at bestanden vil auke frå neste år.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Med ein aukane smågnagarbestand får ein sett utviklinga på rovfuglbestanden og tal individ/reproduserande par i «normale» år, ventar ein til eit toppår (lemenår) vil bestanden vere unormalt stor og gjerne kollapse tidleg i sesongen med mange avkorta hekkeforsøk som

følgje. Det er derfor å anbefale at registreringane blir utført også dei neste to åra for å få ein god oversikt over beatanden.

Arrangement

Kort om aktivitet:

Det er fleire store arrangement i og nær ved nasjonalparken og landskapsvernombrådet. Og SNO prioriterar å vere tilstades ved desse arrangementa for å sjå til at alt føregår på ein berekraftig måte. I dei fleste høve er vi i dialog med arrangørane både før, under og etter arrangementa.

Utviklingstrekk/utfordringar

I år vart det for første gong arrangert fjellfilmfestival i september både ved Gjendesheim og ved Turtagrø. Festivalen ved Gjendesheim var eit større arrangement med over 1000 deltagarar. Teltleiren var lagt i området som er særskilt sårbar m.o.t slitasje, ved dei to steinsette stiane der det er utført omfattande revegetering. Elles føregår fleire av desse arrangementa til tider på året da dyrelivet er spesielt sårbar (seinvinter) eller langs stiar som er utsett for mykje slitasje og erosjon.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Viktig at oppsynet er tilstades og godt synleg ved dei ulike arrangementa. Viktig å halde fram den gode dialogen med arrangørane.

Informasjon og naturvegledning:

Kort om aktivitet

SNO har i samråd med forvaltningen fått utarbeidd ny informasjonsplakat om forsøpling og nedbrytingstid av ulike typar avfall. Plakatane vart produsert ferdig og er set opp ved fleire innfallsportar. Fleire SNO lokalkontor rundt om i landet har tilpassa denne infoplakaten til sine områder. Nye informasjonstavler vart produsert og set opp ved bommen / parkeringsområdet i Veodalen. Tavlene vart finansiert i samarbeid med DNT Oslo og Omegn. Ny informasjonstavle er ferdig produsert, men enno ikkje set opp ved Uradøla i Koldedalen.

Prøveprosjektet med eigne naturvegledrarar i Jotunheimen har vore vidareført også dette året med 2-3 sesongtilsette naturveiledrarar. Dette tiltaket haustar mykje positiv omtale, og samhandling med lokale aktørar har skapa fleire gode tiltak for publikum. Spesielt populært har vore faste föredrag ved turisthyttene om kveldane. Ein fyldigare rapport om naturvegledning i Jotunheimen vil kome i årsmeldinga for Jotunheimen etter nyttår. Talet informerte vil også komme med i årsmeldinga.

Utviklingstrekk/utfordringar

Informasjonsplakatar vert utsett for harde klimatiske tilhøve i høgfjellet, og dette krev jamnt ettersyn og utskifting. Samstundes verkar behovet for god informasjon å vere aukande for nye grupper og mange uerfarne brukarar. Turisthyttene har som regel minimal med plass for oppsetting av plakatar og anna informasjon. Behovet for god naturvegledning verkar å vere aukande.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Ny informasjonstavle ved Eidsbugarden, i samarbeid med Vang fjellstyre. Vidareføre produksjon og oppsetting av ”roll-ups” ved turisthyttene i heile Jotunheimen. Vidareføre dei gode samarbeidstiltaka og utvikle nye når det gjeld naturvegledning.

Tilretteleggingstiltak

Kort om aktivitet

SNO har hatt ansvaret for koordinering av fleire store stitiltak også dette året. Stien frå øvst i Gjertvassdalen til Skogadalsbøen (vassrenner og steinsetting), stien frå Uradøla til Friken (vassrenner og steinsetting), stien langs Gjende frå Memurubu til Gjendesheim (sikringstiltak og støttemurar), stien opp Svartdalsoksla (steinsetting), stien opp Raudalsbandet (steinsetting), stien opp frå Memurubu (steinsetting, vassrenner og avstenging av villstiar), stien nedanfor Vetleløyfti ved Gjendesheim (vassrenner og steinsetting), stien frå Vetti til Vettifossen (steinmuring og sikringstiltak). Steinarbeidet vart utført av sherpaer via tenestekjøp frå Geirr Vetti. Sikringstiltaka vart utført av lokale bedrifter.

Parkeringsplassen ved bommen i Veodalen vart opprusta med ny grus. Eit samarbeid med Vole på Glitterheim.

Utviklingstrekk/utfordringar

Kraftig og mykje nedbør dei seinare åra gjer at både slitasje, erosjon og direkte skade vert meir omfattande enn normalt. Ting kan skje plutselig og utan forvarsel. Det er også store utfordringar knytt til å utføre arbeidet i områder langt vekke frå bilveg og husvære. Dessutan er sesongen kort i høgfjellet. Det er planar om å leggje ut fleire klopper/gangbanar i ein del fleire våte parti i Gjendebuområdet. Men p.g.a. usikker is, overvatn og til dels ismangel på Gjende dei to siste vintrane, har det ikkje vore råd å frakte inn nye halvklovingar (feitfuru). Desse er imedan kjøpt inn og ligg på lager.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Det er framleis fleire stistrekningar som treng omfattande restaurering/reparasjon. Følgjande stiar er aktuelle for tiltak neste år: stien opp til Fannaråken frå Keisaren (steinsetting), stien i Vetle Utladalen (gangbanar og/eller steinsetting), stien til Gjendetunga (gangbaner), vassrenner og noko steinsetting. Elles trengs det jamnt ein del vøling av utførte tiltak.

Kulturminner

Kort om aktivitet

Arbeidet med fullføring av restaurering av det store steinselet ved Skogadalsbøen heldt fram i sommar. Nils Teigen frå Lom utfører arbeidet på oppdrag frå Utladalen Sameige. I fjor vart steinmuren set i stand av sherpaene. I år stod trearbeidet for tur. P.g.a. mykje regn måtte noko av arbeidet utsettjast til neste år. Den våte sommaren førte også til at to husmurar i Avdalen begynte å røre på seg (kvernhus og geitefjøs). Desse vart mura oppatt av sherpaene i haust.

Utviklingstrekk/utfordringar

Transport av utstyr, materialar og mannskap er ei utfordring for utføring av alt restaureringsarbeid.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Fleire bygningar i Utladalen treng restaurering / vøling. Dette bør komme med i revidering av skjøtselsplanen for Utladalen.

Skjøtsel

Kort om aktivitet

I samsvar med skjøtselplanane for heimre Utladalen og Gjendebuområdet vart det også i år utført slått, krattrydding, hogst og beiting ved dei ulike kulturmarkene. Arbeidet er i hovudsak utført gjennom tenestekjøp. I år vart det i tillegg til dei faste tenesteytarane, Stiftinga Utladalen Naturhus og Lom fjellstyre, kjøpt tenester frå Utladalen Sameige og Storådalen Beitlag. Nytt av året er skogtynning i Guridalen. Elles vart det utført rising av fleire almar og selje i heimre Utladalen. Fleire unge almetre vart styva. Det kan tyde på at den beste tida for restaurering av dei gamle almane er utpå vinteren, og ikkje om hausten slik ein tidlegare har trudd.

Utviklingstrekk/utfordringar

Kraftig og mykje nedbør gjer arbeidet tyngre og vanskelegare. Stor slitasje på maskiner og utstyr i til dels bratt og uvegsamt terreng.

Anbefalte oppfølgingspunkt for neste år

Utvide skjøtselsområdet i heimre Utladalen til å omfatte Stølsmaradalen, Vettismorki og Skogadalsbøen. Halde fram arbeidet med fjerning av einekratt og styrt beiting med geit ved Gjendebu.

2. Utkvittering av bestilte tiltak 2012

Bestillinga frå Nasjonalparkstyret av tiltak frå SNO har i 2012 vore om lag som dei seinare åra. Oppdraga er rapportert gjennom tabellane på dei neste sidene.

SKJEMA B - Bestillinger fra styrene (bestilling av SNO personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver) **B. Bestillinger fra FM** (bestilling av SNO personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver - fylles ut av FM)

Bestillings-nummer (fylke + nummer + år)	Prioritet Kategori 1-3 og evt frist for oppdrag	Hvis verneområde ID-nr. for området (Naturbase)	Navn på område/lokalisitet	Beskrivelse av oppdrag	Anslått tidsbruk i ukeverk	Kryss av hvis behov for egen rapport	SNO sin rapportering av oppdraget (SNO fyller ut etter utført arb.)	SNO sine forslag til videre oppfølging, eventuelle oppgaver som ikke er utført (fylles ut etter utf. arb.)
OP 1-2011	1	VV00001869	Jotunheimen NP	Medvirke til å etablere et forslag for drift av toalett Veodalen. Bedre skilting av toalett, før avtale om renhold må SNO besørge midlertidig renhold/ettersyn.	1,5		Utført regelmessig	Vidareføring
OP 2-2011	1	VV00001869	Jotunheimen NP	Oppfølging av skjøtselsplan for Gjendebruområdet på bakgrunn av evaluering av skjøtselstiltakene (2011). Fortsatt rydding av vegetasjon, i kombinasjon med gjerding/variert beiting.	3		Utført	Vidareføring i samsvar med tilrådingar etter ny kartlegging
OPSF 3-2011	1	VV00001869 VV00000706	Jotunheimen NP Utladalen LV	Videreføring av naturveiledning i Jotunheimen.	3		Utført	Vidareføring
OP- 4 2011	1	VV00001869	Jotunheimen NP	Oppsetting av infotavler ved Krossbu og Koldedalen	1,5		Ikkje utført ved Krossbu. Koldedalen blir utført til våren	Avventar Statens Vegvesen sine tiltak på Sognefjellet.
OPSF 5 – 2011	1	VV00001869	Jotunheimen NP	Bidra i arbeidet med registrering av rovfugl i verneområdene NP/LV. ²	1		Utført	Vidareføring
OPSF 6 – 2011	2	VV00001869	Jotunheimen NP	Registrering av nye ferdelsformer iht. forvaltningsplan. ¹	1		Utført	Auke fokus på frikjøring på ski vår og haust
OPSF 7 – 2011		VV00001869	Jotunheimen NP	Arbeid med sti-tilrettelegging i Jotunheimen. ²	4		Utført	Vidareføring
OPSF 8 – 2011	2	VV00001869	Jotunheimen NP	Oppfølging av automatiske tellepunkt Utarbeiding av statistikk for bruken av nasjonalparken	1		Ikkje utført i år	Evt oppfølging av tidlegare tellepunkt med Eco Counter
OPSF 9 - 2011		VV00001869	Jotunheimen NP	Ha oppsyn med arrangement i NP. Særlig "High camp"/Turtagrø. Bistå i arbeidet med å kartlegge evt. brukerkonflikter ifm. Besseggenløpet 2012	1		Utført	Vidareføring
OPSF 9 - 2011		VV00001869 VV00000706	Jotunheimen NP og Utladalen Ivo	Medvirke til kompetansehevingstiltak for områdestyret	1		Utført	Vidareføring

OPSF 9 - 2011		VV00001869	Jotunheimen NP	Utarbeiding av årsmelding for verneområda i Jotunheimen i samarbeid med sekretariatet	1		Utført	Bidra i arbeidet med årsmelding 2012. Ansvar forvaltarane.
OPSF 9 - 2011		VV00001869 VV00000706	Jotunheimen NP og Utladalen lvo	Oppfølging av villrein i Vest-Jotunheimen	1		Utført	Vidareføring
OPSF 9 - 2011		VV00000706	Utladalen lvo	Oppfølging av skjøtsel i Utladlaen i medhald av skjøtselsplan, inkludert øvre Utladalen (som er med i revidert skjøtselsplan)	2		Utført	Vidareføring

SKJEMA C – Tiltak i nasjonalparker og andre verneområder (tiltak som er tildelt midler over 1426.30 og der SNO-L er økonomisk ansvarleg og ansvarleg for gjennomføring)

Bestiller	VerneID	Verneområde navn	Tiltakstype	Beskrivelse	Øk. Ansvarlig	Tildelt NOK	Status pr nov 2011	Kommentar
NP styre		Jounheimen NP	Restaurering	Stiprosjekt	SNO	500.000	Utført	Noko overskridning. Ekstra midlar frå infotavle Koldedalen.
NP styre		Utladalen LVO	Skjøtsel vegetasjon	Kulturlandskapsskjøtsel Utladalen	SNO	350.000	Utført	I samsvar med skjøtselsplan
NP styre		Jotunheimen NP	Tilrettelegging og informasjon	Naturveiledning (sesongtilsette)	SNO	250.000	Utført	Eigen rapport
NP styre		Jotunheimen NP	Kartlegging og overvakning	Overvakning villrein Vest-Jotunheimen	SNO	10.000	Utført	
NP styre		Utladalen LVO	Kartlegging og overvakning	Overvakning av dagrovfuglar og ugler	SNO	60.000	Utført	Eigen rapport
NP styre		Jotunheimen NP	Tilrettelegging og informasjon	Informasjonstavle Koldedalen	SNO	30.000	Delvis utført	Noko midlar brukta på infotavler Veodalen og stiarbeid

NP styre		Jotunheimen NP	Tilrettelegging og informasjon	Infoskilt om søppel og nedbrytingstid	SNO	40.000	Utført	
NP styre		Utladalen LVO	Restaurering	Fullføring steinsel ved Skogadalsbøen	SNO	250.000	Stort sett utført	Restarbeid 2013
NP styre		Jotunheimen NP	Skjøtsel vegetasjon	Skjøtsel Gjendebu	SNO	70.000	Utført	
NP styre		Utladalen LVO	Anna	Nasjonalparkfestival i Årdal	SNO	20.000	Utført	
NP styre		Utladalen LVO	Informasjon	Informasjonstiltak Utladalen Naturhus	SNO	70.000	Utført	

Statens naturoppsy (SNO)

SNO er miljøforvaltningens operative feltorgan som er myndighetsutøver etter lov om statlig naturoppsy av 21. juni 1996. Loven gir SNO-personell tilsynsmyndighet og ansvar for oppsyn med overholdelse av følgende miljølover; friluftsloven, naturmangfoldloven, motorferdselsloven, kulturminneloven, viltloven, laks- og innlandsfiskloven, markloven og deler av forurensningsloven i hele landet, både på offentlig og privat grunn. Oppgaven er todelt og retter seg både mot tilsyn og overvåking av naturtilstanden og tilsyn med menneskets aferd i naturen i forhold til gjeldende regelverk.

Den nasjonale ledelsen i SNO ligger i Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim og det heltidsansatte lokale naturoppsynet har arbeidssted tilknyttet sitt geografiske oppsynsområde, totalt 61 lokale kontorer, med til sammen 93 ansatte ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjoner; to kystseksjoner, to nasjonalparkseksjoner, en rovviltseksjon og en naturveilederseksjon.

Hovedoppgavene er informasjon og veiledning, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette inngår også viktige oppgaver innen rovviltforvaltning, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knyttet til den lovfestede erstatningsordningen på bufe og tamrein. Virksomheten er basert på egne oppsynsstillinger i kombinasjon med kjøp av tjenester og samarbeid med andre oppsynsordninger lokalt og regionalt. SNO har også et overordnet ansvar for Skjærgårdstjenesten, en interkommunal ordning med hovedansvar for skjærgårdsparkene mellom Bergen og Halden. En viktig utfordring for naturoppsynet er å skape forståelse og respekt for regelverket som finnes på dette området.

Det blir lagt vekt på å etablere godt samarbeid med de andre aktørene innen naturoppsy. Dette gjelder både fjelloppsynet i regi av fjellstyrene, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særlig er samordning med politiet viktig når det gjelder kontrolloppgavene. Samarbeidet er formalisert gjennom avtaler, rolleavklaringer og tjenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturoppsynet mer effektivt og profesjonalisert. Virksomheten er fortsatt i vekst og utvikler seg i tråd med de rammer som finnes i lovforarbeider og gjennom den løpende styringsdialogen med Miljøverndepartementet.

